UTDANNINGS FORBUNDET

Fylkesinfo
Vår dato
18.06.2024

10/2024
Avdeling
Seksjon for utdanning og forskning

Vår referanse
21/00211-34

Vår sakshandsamar
Einar Ove Standal

Arkivkode
62

Fylkeslag i Utdanningsforbundet

Tilleggsframlegg til ny opplæringslov er vedtatt

Bakgrunn
Stortinget vedtok i juni 2023 ei ny opplæringslov.

Dette vedtaket bygde på opplæringslovutvalet si innstilling, NOU 2019: 23 Ny opplæringslov, Solberg-regjeringa sitt høyringsnotat hausten 2021 og Støre-regjeringa sitt lovframlegg, Prop. 57 L (2022-2023).

Hausten 2023 sendte Kunnskapsdepartementet nokre tilleggsframlegg på høyring som ikkje var ein del av Prop. 57 L.

Desse framlegga omfatta
- Krav for tilsetjing i lærarstilling
- Fagleg ansvar for opplæringa
- Avverging av skade og fysisk inngripen mot elevar

Utdanningsforbundet har levert høyringssvar på alle desse framlegga.

Regjeringa sitt framlegg vart fremja i Prop. 62 L (2023-2024). Utdannings- og forskingskomiteen på Stortinget slutta seg til regjeringa sitt framlegg i Innst. 389 (2023-2024). Stortinget har no endeleg vedtatt desse framlegga. Dei trer i kraft 1. august 2024.

Denne fylkesinfoen kommenterer desse tre tilleggsframlegga.

Krav for tilsetting i lærarstilling
Om regelen
Regelen er regulert i ny opplæringslov § 17-3.

Paragrafen slår fast at kommunen og fylkeskommunen skal sørgje for at den som vert tilsett i lærarstilling, har relevant lærarutdanning seinast når dei tek til i stillinga.
I dagens lov er kravet relevant fagleg og pedagogisk kompetanse.

Paragrafen vidareführer dagens unnatak frå krava. Dersom ingen søkjar oppfyller krava for tilsetjing, kan andre bli tilsett mellombels på vilkår av at ei påbegynt lærarutdanning vert fullført, eller bli tilsett mellombels utan slikt vilkår.

Utdanningsforbundet si vurdering
Utdanningsforbundet har over lang tid peika på at ein av hovudgrunnane til dagens situasjon der nesten 20 % av årsverka til undervisning i skulen vert utført av tilsette utan lærarutdanning, skuldast mangelfulle lovkrav.

Utdanningsforbundet meiner difor det er svært positivt at eit samla Storting har vedtatt krav om lærarutdanning for å bli tilsett i lærarstilling. Dette er ein siger for Utdanningsforbundet sitt langvarige politiske påverknadsarbeid.

Utdanningsforbundet meiner ordninga med mellombels tilsetjing utan vilkår, må bli oppheva. Dette har ikkje fått støtte av regjering og Storting.

I den nye lova er tilsetjing på vilkår nemnt før mellombels tilsetjing i sjølve lovteksten. Departementet meiner at dette signaliserer at tilsetjing på vilkår bør vurderast før mellombels tilsetjing.

Utdanningsforbundet har peika på at rekkjefølgja i lovteksten aleine ikkje vil bidra til å redusere omfanget av mellombels tilsetjing. Utdanningsforbundet har argumentert for at lova bør innehalde krav om at kommunar og fylkeskommunar skal ha forsøkt å tilsetje på vilkår før anna mellombels tilsetjing vert vurdert.

Utdanningsforbundet er svært glad for at Stortinget er samd i dette, sjølv om det ikkje går klart fram av lovteksten. Ein samla komité uttalar i innstillinga at intensjonen med skjerpa krav for tilsetjing, må vere at skuleeigar alltid vurderer tilsetjing på vilkår før anna mellombels tilsetjing. Komiteen bed departementet følgje utviklinga nøye og komme attende til Stortinget med eit ytterlegare skjerpa lovkrav dersom skuleeigar i stor grad held fram med mellombels tilsetjing av lærarar.

Då Stortinget handsama innstillinga frå komiteen, vart det fatta følgjande vedtak: «Stortinget ber regjeringen vurdere omfanget av midlertidig ansettelse av lærere innen sommeren 2027, og eventuelt komme tilbake til Stortinget med et skjerpet lovkrav om at skoleeier alltid vurderer ansettelse på vilkår før annen midlertidig ansettelse, når det ikke er kvalifiserte lærere som søker ledig undervisningsstilling.»

- *Utdanningsforbundet vil be medlemmar og tillitsvalde følgje med på at krav om lærarutdanning vert presisert i utlysingtekstar og i den vidare tilsetjingsprosessen.*
- *Utdanningsforbundet vil be medlemmar og tillitsvalde følgje med på at kommunar og fylkeskommunar reelt nyttar tilsetjing på vilkår før mellombels tilsetjing når ingen søkjar har lærarutdanning.*

Fagleg ansvar for opplæringa

Om regelen

Regelen er regulert i ny opplæringslov § 17-6.

Paragrafen har fått ny overskrift og slår fast at berre dei som er tilsette i lærarstilling, kan ha fagleg ansvar for opplæringa.

Når anna personale hjelper til i opplæringa, skal kommunen og fylkeskommunen sørgje for at dei får nødvendig rettleiing av ein som er tilsett i lærarstilling.

Regelen inneber inga stor realitetsendring frå dagens lov, men har ein meir direkte ordlyd om kven som kan ha ansvaret for opplæringa enn dagens § 10-11 som peikar på

kven som ikkje kan ha ansvaret.

Utdanningsforbundet si vurdering
Utdanningsforbundet har argumentert for behovet for å gjere det tydeleg i lovteksten kva læraren sitt faglege ansvar for opplæringa inneber. Utdanningsforbundet har også lagt til grunn at læraren som hovudregel skal vere fysisk saman med elevane i opplæringa.

Den nye lova peikar ikkje på kva dette ansvaret omfattar og det går ikkje fram av sjølve lovteksten at læraren som hovudregel skal vere saman med elevane i opplæringa. Grunngjevinga er at det vil utløyse behov for mange unnatak.

Ein samla komité strekar samstundes under at sjølv om ein slik regel ikkje er lovfesta, bør det likevel vere ein hovudregel i opplæringa.

- *Utdanningsforbundet vil be medlemmar og tillitsvalde følgje med på at dette faktisk vert hovudregelen, og at regelen om fjernundervisning som inneber at læraren ikkje er til stades saman med elevane, reelt vert eit avgrensa unnatak frå denne hovudregelen.*

I dagens lov går det fram at personar som ikkje er tilsette i undervisningsstilling, kan hjelpe til dersom dei får nødvendig rettleiing.
I ny lov går det fram at desse personane skal få nødvendig rettleiing av ein som er tilsett i lærarstilling.

Utdanningsforbundet har kommentert denne skilnaden og bede departementet presisere kva som er realiteten i denne endringa. Vi har ikkje fått slik tilbakemelding.

- *Utdanningsforbundet vil be medlemmar og tillitsvalde om å følgje med på korleis denne regelen vert praktisert.*

Avverging av skade og fysisk inngripen mot elevar
Om regelen
Regelen er regulert i ny opplæringslov § 13-3, § 13-4 og § 13-5

§ 13-3 slår fast at kommunen og fylkeskommunen skal sørgje for at skulen driv eit kontinuerleg og systematisk arbeid for at det ikkje skal oppstå situasjonar der tilsette må gripe inn fysisk mot elevar.

§ 13-4 slår fast at tilsette kan gripe inn fysisk mot elevar i situasjonar for å avverge at ein elev

- krenkjer andre fysisk eller utset seg sjølv for fysisk fare
- skadar eigedom
- viser ein åtferd som er sterkt fornedrande for eleven sjølv

Føresetnaden for å gripe inn fysisk er at andre tiltak ikkje er tilstrekkelege. Inngrepet skal ikkje gå lenger enn det som er nødvendig og skal stå i rimeleg forhold til dei interessene som skal ivaretakast.

§ 13-5 slår fast at den tilsette som har grepe inn fysisk skal melde frå til rektor som igjen skal melde frå til eleven sine føresette. I nokre tilfelle skal rektor melde frå til kommunen og fylkeskommunen. Skulen skal dokumentere alle fysiske inngrep med ein kort omtale av hendinga, inngrepet som vart gjort og eleven sitt syn på saka.

Kunnskapsdepartementet varslar i Prop. 62 L at dei vil greie ut ytterlegare endringar med sikte på at reglane også skal opne for bruk av fysisk inngripen ved uro og verbale angrep.

Utdanningsforbundet si vurdering
I høyringssvaret frå 2023 støtta Utdanningsforbundet intensjonen med framlegget, men meinte at mange kommunar ikkje har kapasitet og kompetanse til å sørgje for at skulane kan arbeide systematisk førebyggjande.

Ein samla stortingskomité slår fast at dette må bli prioritert av skuleeigarane. Komiteen har «en tydelig forventning om» at departementet følgjer opp dette i den varsla ungdomsmeldinga.

Utdanningsforbundet meiner at slikt førebyggjande arbeid blant anna må innebere at kommunar og fylkeskommunar må sikre at skulane får rettleiing i førebygging, handtering og oppfølging av uønskt åtferd.

Komiteen er samd i dette og meiner det er behov for god rettleiing om regelverket, og bed departementet følgje opp dette.

Utdanningsforbundet meiner prioritering av det førebyggjande arbeidet truleg vil vere ein kritisk faktor, og at tilsette kan bli overlate til seg sjølve i vanskelege situasjonar.

- *Utdanningsforbundet vil be medlemmar og tillitsvalde følgje med på korleis regelverket vert praktisert.*

Som nemnt ovanfor slår ny § 13-5 fast at fysiske inngrep skal dokumenterast med ein kort omtale av hendinga, sjølve inngrepet og eleven sitt syn på saka. Utdanningsforbundet har over tid peika på at også tilsette sin uttalerett og kontradiksjon må sikrast. Dette er ikkje en del av den nye lova.

- *Utdanningsforbundet vil be medlemmar og tillitsvalde følgje med på at tilsette sitt rettsvern vert ivaretatt ved bruk av fysiske inngrep mot elevar.*

Kunnskapsdepartementet legg til grunn at regelverket verken vil ha økonomiske eller administrative konsekvensar. Utdanningsforbundet er usamd i denne vurderinga.

- *Utdanningsforbundet vil be medlemmar og tillitsvalde følgje med på at dokumentasjonen faktisk vert avgrensa til ein kort omtale.*

Utdanningsforbundet er glad for at ein samla komité slår fast at den nye regelen skal ha følgjeforsking.

Utdanningsforbundet vil kome attende med meir informasjon om den nye opplæringslova og forskrifta til lova.

Morten Solheim
Seksjonsleiar

Einar Ove Standal
Seniorrådgjevar